

Fårlegt å vera grensebuar.

Tone: Ingen vinner frem

Reis Deg ikkje bustad ved grensa, som Lot
då han fekk høve å velja.

Visseleg han meinte å gjera det godt :

Vinstane mangefå telja.

Buskapen han auka. Beitet var so rikt.

Vatn var der nøgdi. Ikkje noko svikt.

Seinare so flutte, han gjerne ein dag

nærare inn mot Sodoma.

Reis Deg ikkje bustad ved grensa, som Lot.

Heile sin rikdom han misste.

Inn i byen vart han til glis og til spott.

Djupast han fall på det siste.

Fatig laut han fly frå det brennande bål.

Berga seg i fjelli, naken som ei nål.

Kona hans stod att som ei stytta av stein,

vend mot sitt kjære Sodoma.

Difor gjer Du væl i å ta Deg i akt.

Tøyg Deg ei bort mot Sodoma.

Byen hev ei fælsleg, forlokkande makt

som inn i hjarta vil koma.

Mang ein Kanans Borgar som søkte der sitt brød

fann i denne staden sin åndelege død.

Vil Du berga sjæli, so fly før ditt liv

bort frå ein dødsdømd Sodoma.

Johs. M. L. Rydland.